



Frivillighetsregisternemnda

Vedtak i Frivilligregisternemnda 20. mai 2022

Sak

2022/0375 Bilfergen AS – org.nr. 813 403 382 – klage over vedtak om å nekte registrering i Frivilligregisteret

Til stades: leiar Martin Hennig, medlemmer Elisabet Ekberg, Bernard Enjolras, Stian Slotterøy Johnsen og varamedlem Merete Tollefsen

Bakgrunn for saka

Bilfergen AS (klagar) melde 10. november 2021 og 17. januar 2022 inn registrering i Frivilligregisteret med deltaking i Grasrotandelen.

Frivilligregisteret gjorde 25. januar 2022 vedtak om å nekte registrering i Frivilligregisteret, med den grunngevinga at klagar ikkje praktiserer utdeling til frivillige organisasjonar.

Klaga sende klage på vedtaket 2. februar 2022. Klaga viser til at alt arbeid er dugnadsbasert, at selskapet ikkje har fast tilsette, og at det ikkje blir utbetalt løn. Eit eventuelt overskot blir brukt til nødvendig vedlikehald. Klaga hevdar at deira drift ikkje er annleis enn i andre foreiningar, lag og stiftelsar som har same føremål, men som ikkje er organiserte på same måte. Bilfergen AS har som føremål å ta vare på eit fartøy som representerer transport av bilar og passasjerar frå 1921 til 1972, og dermed viser ei historie frå sjøverts samferdsel. Båten var 100 år i 2021, har ein Bolinder-motor som er 105 år, er sertifisert for passasjerar, går for eiga maskin og er eit levande dokument på korleis biltransporten over fjorden starta for 100 år sidan. Selskapet er avskore frå å ta imot midlar frå enkelte etatar på grunn av manglande registrering i Frivilligregisteret. Det er underleg å tolke lova slik at eit lite overskot ikkje kan nyttast til vedlikehald, men må delast ut. Det blir elles vist til klaga i sin heilskap.

Frivilligregisteret har ikkje funne grunn til å gjere om vedtaket sitt og sende 8. mars 2022 klaga med innstilling til behandling hos Frivilligregisternemnda.

Det rettslege grunnlaget

Det rettslege grunnlaget er lov 29. juni 2007 nr. 88 om register for frivillig virksomhet (frivilligregisterlova).

Det følgjer av frivilligregisterlova § 3 første ledd at registrering i Frivilligregisteret er ein rett som gjeld for registreringseiningar, jf. frivilligregisterlova § 4.

Postadresse

Postboks 511 Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse

Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen

Tlf.: 55 19 30 00

E-post: post@knse.no

Som registreringseining reknar ein «aksjeselskap som utelukkende foretar utdelinger til frivillig virksomhet», jf. frivilligregisterlova § 4 bokstav d.

Av forvaltningslova § 34 følgjer det at klageinstansen kan prøve alle sider ved saka og mellom anna ta omsyn til nye opplysningar. I dette ligg at klageinstansen fullt ut kan prøve både rettsbruken, saksbehandlinga, faktum og det frie skjønnet. Klageinstansen kan sjølv gjere nytt vedtak i saka eller oppheve det og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling.

Frivilligregisternemnda si vurdering

Klaga frå Bilfergen AS gjeld vedtaket Frivilligregisteret gjorde 8. februar 2022 om å nekte registrering i Frivilligregisteret.

Frivilligregisterlova § 3, jf. § 4 bokstav d, opnar for at aksjeselskap som berre driv utdeling til frivillig verksemd, kan registrere seg.

Ved utarbeiding av lova blei det drøfta om aksjeselskap skulle ha registreringsrett. I NOU 2006: 15 s. 25–26 står det at:

[s]koleeksemplet på fortjenestebasert virksomhet er avkastning (utbytte) og gevinst fra selskaper som pløyes tilbake til eierne av selskapene – typisk til aksjeeierne i aksjeselskap. Aktiviteter i regi av selskaper anses derfor i prinsippet som fortjenestebaserte og faller følgelig i utgangspunktet utenfor begrepet frivillig virksomhet.

Arbeidsgruppen har imidlertid kommet til at visse aksjeselskaper bør kunne registrere seg i et frivillighetsregister. Det skyldes at en del frivillige virksomhet[er] organisert som foreninger og stiftelser driver deler av sine aktiviteter gjennom aksjeselskaper, som for eksempel kan organisere sykehjem, drive med cafevirksomhet, trykking av brosjyrer og bøker, salg av tjenester mv. Poenget med en slik organisering vil ofte være at den skal (bidra til å) finansiere eller realisere den frivillige virksomheten. Det er vanskelig å finne gode argumenter mot at slike selskaper – der det ikke skjer noen utdeling til private eiere i ordinær form, men hvor utdelte midler pløyes videre inn i frivillig virksomhet og brukes til å fremme ideelle formål – skal kunne registreres i frivillighetsregisteret.

Vidare følgjer det av NOU 2006: 15 s. 37 at:

Det forhold at selskapet har eiere som kan disponere over overskudd ved tilbakeføring til seg selv, gjør at selskapene i utgangspunktet ikke bør kunne gjøres til registreringsenhet i Frivillighetsregisteret. I praksis er det imidlertid en del aksjeselskap som typisk er opprettet av en forening/forbund/stiftelse, som bør kunne være registreringsenhet i frivillighetsregisteret, jf. foran, og som har til formål nettopp å finansiere eller realisere den ideelle, frivillige virksomhet. Et typisk eksempel kan være at et forbund eier et aksjeselskap som har til formål å selge produkter eller tjenester og hvor fortjenesten skal pløyes tilbake til den frivillige virksomheten. I praksis finnes det også eksempler på at frivillig virksomhet har valgt å organisere seg som aksjeselskap, fordi man har ansett aksjeselskapsformen som en ordnet og gjennomprøvet eierform underlagt

lovregulering. De nevnte forhold tilsier at man bør være varsom med å oppstille et helt generelt forbud mot at registreringsberettiget frivillig virksomhet organiserer seg i aksjeselskaps form. Også hensynet til å unngå en «organisasjonstvang» og ubegrunnet diskriminering mellom ulike eier- og organisasjonsformer kan tilsi det. I den forbindelse vises det til at arbeidsgruppen foran har foreslått at det gjøres et unntak for næringsdrivende (og alminnelige) stiftelser som foretar utdelinger til frivillig virksomhet.

I Ot.prp. nr. 55 (2006–2007) s. 56 står det at:

[e]it særleg spørsmål er om aksjeselskap bør kunna få status som registreringseining (sjå om ansvarleg selskap ovanfor). Dette reiser prinsipielle spørsmål i forhold til grunnkravet om frivillig verksemd, ettersom det typiske ved selskap er at dei er fortenebaserte. For aksjeselskap dukkar spørsmålet om dei kan få status som registreringseining, opp, fordi det i praksis er ein del frivillig verksemd som har organisert «sideaktivitetar» i aksjeselskapform, til dømes selskap som sel produkt og/eller tenester til eller for den ideelle verksemda, og som har som føremål å realisera eller finansiera denne verksemda. Departementet ser at det er eit visst behov for at slike selskap skal kunna få status som registreringseiningar, og finn ikkje avgjerande omsyn som talar mot det. Føresetnaden er at eventuelle utdelingar berre går til den frivillige verksemda, jf. forslaget § 4 første ledd bokstav d. Sjå utgreiinga i NOU 2006:15 punkt 3.6.4.5 (s. 37).

Føremålet til klagar er fastsett i vedtektene § 3:

Selskap sitt formål er å eige, forvalte og drive det freda kulturminnet M/F «Bilfergen» i samsvar med fredingsvedtak av 20. januar 2012 og tilhøyrande fredingsføresegner frå Riksantikvaren.

Vidare følgjer det av vedtektene § 4:

Selskapet skal eige, forvalte og drive M/F «Bilfergen» i samsvar med klausular og føresetnader i underliggende skriftleg avtale om sal og finansiering av fartøyet mellom selskapet og tidlegare eigar av fartøyet, Fjord1 AS.

Av § 5 følgjer det at selskapet ikkje skal dele ut utbytte til aksjonærane, og at eit eventuelt årsoverskot skal tilførast eigenkapitalen i selskapet. Vidare står det at ved oppløysing skal fartøyet M/F «Bilfergen» tilbakeførast vederlagsfritt til Fjord1 AS. Eventuell restformue i selskapet skal fordelast mellom aksjonærane etter eigardel i selskapet.

Fjord1 AS er registrert i Einingsregisteret med dette føremålet:

Sjølv, eller gjennom heilt eller delvis eigarskap i andre verksemder, å drive transport-, kommunikasjon- og reselivsverksemd. Selskap kan også engasjere seg i andre forretningsområde når dette er interessant med tanke på fortene og er eigna til å styrke hovudføremålet, eller det leier til ei meir rasjonell utnytting av selskapet sine ressursar.

Frivilligregisternemnda legg etter dette til grunn at ved oppløysing av Bilfergen AS vil selskapet sitt fartøy bli tilbakeført til eit anna aksjeselskap, Fjord1 AS, som ikkje driv frivillig verksemd. Eventuell restformue skal fordelast mellom aksjonærane etter eigardel. Aksjonærane er Fjord1 AS og ei rekkje privatpersonar. Slik nemnda forstår forarbeida til lova, har ikkje lovgivaren meint at eit aksjeselskap der midlane og eit eventuelt overskot i selskapet vil kunne gå tilbake til fortjenestebaserte verksemdar og private eigarar, skal kunne registrerast i Frivilligregisteret. Bilfergen AS oppfyller dermed ikkje kravet om frivillig verksemd i frivilligregisterlova § 4, jf. § 3.

Konklusjon

Frivilligregisternemnda har, etter ei konkret vurdering av opplysningane i saka, stadfesta Frivilligregisteret sitt vedtak.

Vedtak

Klaga blir ikkje teken til følgje.

Dokumentet er godkjent elektronisk